



Orkanger, 20.10.2018


NVE
nve@nve.no

Innspel til Nasjonal ramme for vindkraft

Vi viser til høringsuttale frå Naturvernforbundet for Sør Trøndelag og sluttar oss til den. Så har vi nokre kommentarar i tillegg

Allment

Miljødirektoratet viser i www.miljostatus.no til at tap av leveområde/ endring i arealbruk er den overlegent viktigaste årsaka til tap av biologisk mangfald.



<http://www.miljostatus.no/Tema/Naturmangfold/>

Vindkraftanlegg representerer store inngrep, med vegar som treng areal, og drenerer myr. Det er stor menneskeleg aktivitet både under bygging og drift, og i tillegg kjem sjølve turbinane med støy og direkte trugsmål mot fugl i flukt. Eit vindkraftanlegg representerer eit tapt leveområde eller leveområde med redusert kvalitet for fleire artar.

Noreg har ratifisert fleire internasjonale avtalar, ikkje minst konvensjonen om biologisk mangfald (CBD), og har forplikta seg til å stanse tapet av biologisk mangfald. Når planlagd areal for vindkraftanlegg systematisk er lagt i naturområde, og ikkje minst i INON-område, fungerer det som eit systematisk brot på Noregs internasjonale forpliktingar når det gjeld arbeidet med å stanse tapet av biologisk mangfald.

Vi ber difor om ein drastisk reduksjon i areal for vindkraft i alle naturområde.

Grytdalen naturreservat og Trollheimen landskapsvernområde



Vi har markert Grytdalen naturreservat med raudt (analyseområde 23)

Vi har nokre kommentarar for distriktet til Naturvernforbundet i Orklaregionen. (Kommunane Orkdal, Meldal, Skaun, Snillfjord og Agdenes).

Grytdalen naturreservat er markert med «hard eksklusjon» mot vindkraftanlegg i analysekartet, men vi er overraska over at det i tillegg ikkje er sett opp ei sone med «hard eksklusjon» rundt naturreservatet. Det er også grunn til å nemne at det er eit større trekk av hjort i samband med Grytdalen.

Det vil påverka verneinteressene for naturreservatet negativt med vindkraftanlegg tett inntil reservatgrensene. Det same gjeld for Trollheimen landskapsvernområde.

Vi meiner at det bør bli lagt inn ei brei sone med «hard eksklusjon» mot vindkraftanlegg rundt Grytdalen naturreservat, Trollheimen landskapsvernområde og andre verneområde.

Snillfjord/ Orkland

Det er allereie eit stort vindkraftanlegg under bygging i Snillfjord kommune, og det er gjeve konsesjon på to til. For de eine er det varsla at det vil bli søkt om utsetting for oppstart av bygging, og for det siste vil Statkraft foreløpig ikkje avsløre sine planar.

Vi meiner at nye Orkland kommune, og spesielt dagens Snillfjord, allereie er så tungt belasta med vindkraft at det ikkje er rom for meire. Vi viser til naturmangfaldlovas § 10 om samla belastning.

Helsing

Mads Løkeland

Leiar av Naturvernforbundet i Orklaregionen